



Fylkesmannen i Hordaland

POWER NORGE AS
Postboks 523
1471 Lørenskog

Bergen, 20. desember 2018

Dykkar ref.:
Jan Magne Titlestad

Vår ref.(oppgi ved svar):
2018/15342
Sakshandsamar:
Diana Eidem

Rapport etter inspeksjon ved Power Kleppestø

Kontrollnummer: 2018.141.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Jan Magne Titlestad

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Diana Eidem
Henriette Ludvigsen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Power Kleppestø 22. november 2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekka 3 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Mottak av EE-avfall
- Oppbevaring av EE-avfall
- Informasjonen om mottak av EE-avfall

Avvik er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Diana Eidem
overingeniør

Silje Tingstad
overingeniør

Kopi til: Askøy kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: POWER NORGE AS	
Organisasjonsnr.: 977047838	Eigd av:
Bransjenr. (NACE-kode): 47.540 - Butikkhandel med elektriske husholdningsapparater	

Kontrollert eining

Namn: Power Kleppestø	Anleggsnr.: 1247.0202.01
Kommune: Askøy	Fylke: Hordaland
Anleggsaktivitet: Produktforhandlar	
Løyve gitt: -	Sist endra: -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for EE-avfall hos forhandlarar.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

Tema for aksjonen var forhandlars plikt til mottak, sortering og oppbevaring av EE-avfall, og plikta til å informere om dette.

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Power Kleppestø pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Power Kleppestø innan 15. februar 2019 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmhopostmottak@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Hordaland v/Diana Eidem.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart sendt til verksemda 21. november 2018. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventta ressursbruk må Power Kleppestø betale eit gebyr på kr 5 200,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 5 for tilsyn av inntil en dags varighet. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda sitt mottak av EE-avfall er mangelfullt

Avvik frå:

Avfallsforskrifta § 1-4

Kommentarar til regelverket:

Forhandlar skal ta EE-avfall som er hushaldningsavfall vederlagsfritt i retur i butikklokale eller på tilsvarende stad rett i nærleiken av dette. Forhandlar skal også ta imot EE-avfall som er næringsavfall vederlagsfritt ved nykjøp av tilsvarende mengde EE-produkt.

Mottaksplikta er avgrensa til tilsvarende produkt som forhandlaren omset eller tidlegare har omsett, men er ikkje avgrensa til merke eller fabrikkat. Med tilsvarende produkt meinast produkt som tilhøyrar same produktspekter og har same funksjon som dei som vert selt på innleveringstidspunktet. Mottaksplikta gjeld uavhengig av salsvolum eller salsperiode, og i eitt år etter at siste tilsvarende EE-produkt er selt.

For forhandlarar med eit salsareal på over 400 m² for EE-produkt, omfattar mottaksplikta også alle typar småelektronikk der lengste ytre mål er under 25 cm, uavhengig av om forhandlar omset eller tidlegare har omsett desse produkta.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Verksemda opplyste at dei ikkje tok i mot batteri og lyskjelder, men at kundar vart vist til Kiwi-butikken som ligg rett ved sida av Power Kleppestø, og som har etablert mottak for denne type EE-avfall.

Avvik 2

Verksemda si oppbevaring av EE-avfall er mangelfull

Avvik frå:

Avfallsforskrifta § 1-5

Kommentarar til regelverket:

Forhandlar skal sørge for at EE-avfall som er motteke vert sortert frå anna avfall og vert oppbevart på eigna stad, som ikkje er skjemma eller fører til fare for forureining eller skade på menneske eller dyr. Moglegheita for førebuing til ombruk, materialgjenvinning og utsortering av komponentar i EE-avfallet skal ikkje bli redusert. Det vil normalt bety at avfallet må lagrast på fast dekke og skjerma for vêr og vind. Forhandlar skal setje i verk tiltak for å forhindre tjuveri av EE-avfall.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Småelektronikk vert oppbevart i opne bur ute og kvitevarer i ope container utan tak. Lageret for EE-avfall er ikkje skjerma for vêr og vind og kan føre til risiko for forureining og redusere moglegheita til ombruk, materialgjenvinning mm. av EE-avfallet.

Avvik 3

Informasjonen verksemda gir om mottak av EE-avfall er mangelfull

Avvik frå:

Avfallsforskrifta § 1-6

Kommentarar til regelverket:

I avfallsforskrifta § 1-6 står det at forhandlar skal informere om at EE-avfall ikkje skal kastast saman med anna avfall og at det vert tatt i mot vederlagsfritt. Det skal informerast gjennom oppslag i alle butikklokale, framvisings- og utstillingslokale, på mellombelse utsalsstader og i alt sals- og informasjonsmateriell som vert publisert, både i elektroniske og papirbaserte media. Teksten skal vere lett å få auge på, lett å lese og skilje seg frå anna informasjon.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Verksemda opplyste at dei ikkje hadde informasjon om mottak av EE-avfall i butikklokalet.

7. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- forureiningslova med underliggjande forskrifter
- avfallsforskrifta kapittel 1 om kasserte elektriske og elektroniske produkt
- internkontrollforskrifta

8. Brosjyrar

Faktaark M-116/2014 Når EE-produkt blir avfall

<http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M116/M116.pdf>

Faktaark M-297/2015 Gebyr ved kontroll

<http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M297/M297.pdf>